Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. 36

Herad: Odda

Emne: Måtar å refsa folk på

Bygdelag: Odda

Oppskr. av: Olav O. Ragde

Gard: Ragde

(adresse): Odda

G.nr. 27 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

a. Nei, eg er no pålag 75 år gamal; men eg har aldrig haurt um noko slikt her i det høve.

1. Nei, noko sovore har eg ikkje høyrt um, folk har på gamman van fedrame her.

2. Det har eg heller ikkje høyrt um her.

3. Noko slikt har aldrig føyrekome her.

B. Vet å setja namn på folk.

4. Folk gjekk aldrig på vitjing Igjelding her

5. Det har eg heller ikkje noko meining um

6. Det kunne i sumame høve vera, at dei kunne hogga um eina kilde, at dei kom i Korlegje (vart i leidt for eit ulevnad).

Elles kunne det vera, at dei kalla ein mann som var litt keindrölen for ein Sumlekopp, og ei kjering for ei dudla.
Det er sobeis fortalt um ein mann, som hadde nokre karar i arbeid, og som skulde ha mat; men kaaren tykte

over

det gjekk forreint, og gjelte ut til mannen
„Det er ei f— te dudlakte kjøring dei har dū Knut". „Å einkvan lyt tēu ha dudlena og", svara Knut.
Det er ogso fortalt ine ein mann som var nokon slöngen i kjeften, han var ein gong i eit brudlaup, og der skū han gjera narr tå ein, som var noko minder mud, og so seir han: „Dū det var eit godt evne i deg, hadde dū berre votte ūtbakte"
„Ja", svara hin, Da var godt evne i deg og, å dū vatt ūtbakte og dū, men endaa vatt da berre ein lepsefot tå deg".

Han gamle Øystein hadde sjåbūd, der hadde han gjerne brennevin, som han smaka på av og til. So var det ein gong han hadde nokre karar med seg, og skulde skjeinka dei ein dram, men so var det ein i lagå, som vesten ikkje mūnde lika; men so kunde han ikkje nett setja han att, og so slog han uppi ein dram, men snudde so baken til mannen, og retta drammen tilsides og sagde: „Sko-dar dū og"!

NORSK FOLKEMINNE GRANSKING